



# Innst. 134 S

(2016–2017)

## Innstilling til Stortinget fra næringskomiteen

Prop. 19 S (2016–2017), unntatt kap. 1137

### **Innstilling fra næringskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m.**

Til Stortinget

## **1. Sammendrag**

### **1.1 Innleiing**

Landbruks- og matdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringer i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2016.

### **1.2 Framlegg til endringer i løyvingar under kapittel og postar i 2016**

#### ***Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet***

POST 50 KUNNSKAPSUTVIKLING, KUNNSKAPSFOR- MIDLING OG BEREDSKAP, VETERINÆRINSTITUTTET

På grunn av forskingsbehov som følgje av sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD), som rammar hjortedyr, gjer departementet framlegg om å auke løyvinga over kap. 1112, post 50 med 2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 1137, post 50.

#### ***Kap. 4115 Mattilsynet***

POST 1 GEBYR M.M.

Ifølgje dei siste prognosane vil gebyrinntektene til Mattilsynet for 2016 bli på om lag 145,9 mill. kroner, som er 11 mill. kroner under det budsjetterte.

Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

#### ***Kap. 1142 Landbruksdirektoratet***

POST 73 TILSKOTT TIL ERSTATNINGAR M.M.

Løyvinga er ei overslagsløyving. Ifølgje dei siste prognosane vil det vere behov for å auke løyvinga med om lag 40 mill. kroner knytt til oppgjer i samband med tidlegare utbrott av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA), pålagd sanering ved påvising av fotråte hos småfe og omfattande destruering av tomatplanter på grunn av viroid.

#### ***Kap. 1148 Naturskade – erstatningar***

POST 71 NATURSKADE, ERSTATNINGAR

Løyvinga er ei overslagsløyving. Løyvinga for 2016 er på 182,2 mill. kroner.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbeta- lingar i 2016 og tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2016, gjer departementet framlegg om å redu- sere løyvinga på posten med 35,5 mill. kroner, og å auke tilsegnfullmakta med 19,2 mill. kroner til 83,1 mill. kroner.

#### ***Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.***

POST 71 TILSKOTT TIL ERSTATNINGAR M.M.

Løyvinga er ei overslagsløyving. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

POST 73 PRISTILSKOTT

Løyvinga er ei overslagsløyving. Ifølgje dei siste prognosane er det forventa eit meirforbruk på om lag 190,9 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 73 med 190,9 mill. kroner.

### **Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen**

#### **POST 75 KOSTNADSSSENKANDE OG DIREKTE TILSKOTT**

For å dekkje inn auka utgifter på posten gjer departementet framlegg om ein auke på 5,55 mill. kroner, som blir dekt inn gjennom tilsvarande reduksjon på kap. 1151, postane 51 og 79. Meirforbruket er i hovudsak knytt til dei produksjonsavhengige tilskotta.

### **1.3 Andre saker**

#### **1.3.1 Tilføyning av stikkordet «kan overførast»**

I samband med framlegginga av Prop. 77 S (2015–2016) Reindrifftsavtalen 2016/2017 og endringer i statsbudsjettet 2016 m.m. blei stikkordet «kan overførast» ved ein feil ikkje teke med i vedtakslista. Departementet gjer difor framlegg om at stikkordet blir lagt til kap. 1142, post 71 Omstillings tiltak i Indre Finnmark, kap. 1151, post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott og kap. 1151, post 79 Velferdsordningar.

#### **1.3.2 Avvikling av Staur gård AS**

Staten v/Landbruks- og matdepartementet eig alle aksjane i Staur gård AS, og den samla aksjekapitalen er på 1,5 mill. kroner. Forholdet mellom staten som eigar og selskapet som leigetakar av eigedommen er i dag regulert i eigen leigeavtale.

Staur gård AS har eit sektorpolitisk ansvar for å leggje til rette for forskings- og forsøksverksemd i jordbruket, og å drive eigedommen på ein best mogleg måte. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe i regi av Tyr/Nortura, seminastasjonen for sau i regi av Norsk sau og geit, og korn- og planteforsøk i regi av Graminor AS. Selskapet driv også gjestegarden på Staur.

Dei seinare åra har særleg gjestegardsverksemda vore krevjande, noko som har bidrege til underskott. Samla nærmar egenkapitalen seg no halvparten av den samla aksjekapitalen. På bakgrunn av denne økonomiske situasjonen fatta styret hausten 2016 vedtak om at selskapet ikkje lenger er i stand til å bere forpliktingane sine, og at vidare drift føreset at eigar tilfører selskapet kapital.

Departementet kan ikkje sjå at det er gode nok grunnar til at staten skal ta ansvar for å leggje til rette for gjestegardsverksemd av denne typen. Det bør difor ikkje vere aktuelt å nytte statlege midlar til å tilføre selskapet kapital eller til å dekkje dei økonomiske behova som er avdekt ved eigedommen elles. Det bør heller ikkje vere ein aktuell modell å avvikle gjestegardsverksemda og samstundes drive resten av selskapet som i dag.

Departementet kan ikkje sjå at det er gode nok grunnar til å halde fram med statleg eigarskap i

dagens situasjon. Departementet legg difor opp til å avvikle Staur gård AS i tråd med aksjeloven § 16, jf. framlegg til vedtak IV, med sikte på å få effektivt avviklinga i løpet av første halvår 2017. Eigedommen Staur gard vil bli seld, i tråd med avhendingsinstruksen.

## **2. Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Else-May Botten, Ingrid Heggø, Odd Omland og Knut Storberget, fra Høyre, Frank Bakke-Jensen, Ingunn Foss, Gunnar Gundersen og Ove Trellevik, fra Fremskrittspartiet, Sivert Bjørnstad, Oskar J. Grimstad og Morten Ørsal Johansen, fra Kristelig Folkeparti, Line Henriette Hjemdal, fra Senterpartiet, lederen Geir Pollestad, fra Venstre, Pål Farstad, og fra Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, viser til Prop. 19 S (2016–2017).

Komiteen mener at forpliktelsene til selskapet Staur gård AS bør håndteres ved å skyte inn egenkapital finansiert over kap. 1100 post 45. Komiteen viser for øvrig til e-post fra statsråd Dale av 7. desember 2016 (vedlagt innstillingen), mottatt i komiteen 8. desember 2016.

Komiteen fremmer på dette grunnlag følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen om at forpliktelsene til selskapet Staur gård AS håndteres ved å skyte inn egenkapital finansiert over kap. 1100 post 45. Deresom salg av gården blir aktuelt, fremmes en egen sak om dette for Stortinget.»

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, støtter ikke at det blir gitt en fullmakt for avvikling av Staur Gård AS.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet støtter primært at det blir gitt en fullmakt til avvikling av Staur Gård, og fremmer følgende forslag:

«Stortinget samtykker i at Staur Gård AS blir avvikla.»

Komiteen viser ellers til sakene og forslagene i proposisjonen og slutter seg til disse.

**3. Forslag fra mindretall****Forslag fra Høyre og Fremskrittspartiet:***Forslag 1*

Stortinget samtykker i at Staur Gård AS blir avvikla.

**4. Komiteens tilråding**

Komiteens tilråding ble lagt fram av en samlet komité.

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
Utgifter			
1112		Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	
	50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet, blir auka med..... frå kr 92 327 000 til 94 327 000	2 000 000
1142		Landbruksdirektoratet	
	73	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 55 610 000 til kr 95 610 000	40 000 000
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 182 200 000 til kr 146 700 000	35 500 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med. frå kr 43 000 000 til kr 36 000 000	7 000 000
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 2 891 530 000 til kr 3 082 450 000	190 920 000
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen	
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet, blir redusert med..... frå kr 32 400 000 til kr 27 400 000	5 000 000
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 74 650 000 til kr 80 200 000	5 550 000
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 2 150 000 til kr 1 600 000	550 000
Inntekter			
4115		Mattilsynet:	
	1	Gebyr m.m., blir redusert med..... frå kr 156 886 000 til kr 145 886 000	11 000 000

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

II

*Tilsegningsfullmakter*

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2016 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	83,1 mill. kroner

Andre fullmakter

III

*Vidareføring av stikkord*

Stortinget samtykkjer i at løyvinga i statsbudsjettet for 2016 under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, framleis skal ha stikkordet «kan overførast».

IV

Stortinget ber regjeringen om at forpliktelsene til selskapet Staur gård AS håndteres ved å skyte inn egenkapital finansiert over kap. 1100 post 45. Dersom salg av gården blir aktuelt, fremmes en egen sak om dette for Stortinget.

Oslo, i næringskomiteen, den 9. desember 2016

**Geir Pollestad**

leder og ordfører

**Vedlegg**

Epost fra Landbruks- og matdepartementet v/ statsråd Jon Georg Dale til næringskomiteen, datert 7. desember 2016

Fra: Jon-Georg.Dale@lmd.dep.no [mailto:Jon-Georg.Dale@lmd.dep.no]

Sendt: 7. desember 2016 17:13

Til: Gundersen Gunnar; Johansen Morten Ørsal

Emne: Fwd: Vedr. Staur

Sjå vedlegg under.

Det vil ikkje være forsvarlig å unnlate salg av Staur uten betydelig kapitaltilførsel.

**Ang Regjeringas sitt framlegg om å avvikle selskapet Staur gård AS og sal av garden – konsekvensar viss framlegget ikkje blir vedtatt**

Regjeringa har i Prop. 19 S (2016–2017) gjort framlegg om å avvikle selskapet Staur gård AS fordi styret for selskapet har fatta vedtak om at selskapet ikkje lenger er i stand til å bere forpliktingane sine, og at vidare drift føreset at eigar tilfører selskapet kapital. Regjeringa meiner det ikkje er aktuelt å tilføre kapital, fordi det ikkje ser ut til å vere mogleg å drive med overskot.

Som følgje av dette vil regjeringa også selje garden. Dette heng også saman med at vidare statleg eigarskap av garden vi krevje betydelege midlar til vedlikehald og til å dekkje bygnadsmessige etterslep.

Alternativ til Regjeringa sitt framlegg er:

1. Å ikkje selje Staur, men leggje ned gjestegardsdrifta. Behov for kapitalinnskot blir då om lag 5 – 7 mill. kroner – for å «gjere opp buet» i selskapet.
2. Å ikkje selje Staur, og føre vidare gjestegardsdrifta. Behov for kapitalinnskot vil vere på om lag 8 – 10 mill. kroner for å sikre selskapet handlingsrom for å dekkje opp for gjeldande krav mellom anna til nytt kjøken og til pålagde brannsikringstiltak.
3. Avvikle selskapet og selje Staur i tråd med framlegget. Ingen særskilde løyvingsbehov, «buet blir gjort opp» mot salssum.

For å føre vidare selskapet Staur gård AS må det gjerast store endringar i driftsmodellen viss ein skal ha utsikter til overskott, avkasting eller utbytte. Med dagens infrastruktur på Staur vil ikkje gjestegardsdrift vere lønsam. Risiko for nye tap gjer det vanskeleg å sjå at det vil vere forsvarleg bruk av offentlege midlar å tilføre kapital.





